



På Årsnes venta songarane med champagne - og unionsflagg!

Maria Malmsten (46) er attende på kvinnersk jord etter å ha sykla 90 mil og gått 10 mil frå heimstaden i Sverige.

Ikveld hadde den populære dirigenten for Røyserett for alle og Rosendal Songlag att berre 7 mil før ho er heime på Stord.

I kveld klokka halv sju gjekk ho i land på Årsnes og var like sprudlande som champagne og champagnebrusen ho fekk servert av songarane på kaia.

Dei helsa henne med 'Du gamla du fria', norske flagg og unionsflagget! .Champagnen overraska henne ikkje, for den bestilte ho i eit intervju før denne originale ferieturen.

- Eg er i kjempeform, forsikra Maria etter ei sær s vellukka ferd på tvers av Kjølén gjennom dei 2 siste vekene. Ho har gjort unna turen aleina med unnatak av 7 mil over Sognefjellet, der ho hadde selskap av fjellgeita Karin Thauland. Denne strekninga karakteriserer Maria også som den største utfordringa undervegs. Det gjeld ikkje berre oppoverbakkane, men også nedoverbakkane mot Sognefjorden. Men Maria har ikkje hatt problem - som til dømes punkteringar.

Ho har møtt mange geiter, sauer og kuer. Dei siste møtte ho i Tolga og freista med ein lokal kulokk som ho kunne. Og den verka! Ho har ikkje sett bjørn eller ulv, men vore 5 meter frå ein elg.

Maria kan ellers ikkje klaga på mediedekninga. På svensk jord vart ho intervjuet 5 gonger av Länstidningen og fleire gonger av Radio Jämtland og Sveriges Riksradio og no held det fram på norsk grunn.

På spørsmålet om kvifor ho har funne på noko slikt, er svaret dette:

- Eg ville sjå om det let seg gjera. og om ein utarma kropp på 46 år kan tåla ein slik oppgåve. Og så ville eg vera åleine ei stund!

Maria har skreve dagbok - kanskje slår ho til med ein bestseljar?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Glad mottakingskomite på Årsnes.